

Protokoll frå landsmøte i Noregs Ungdomslag

Oslo, 4.-6. april 2014, Soria Moria hotel og konferansesenter



Deltakarar

Det vart påmeldt 90 utsendingar med røysterett, inkludert styret.
Det var registrert 84 utsendingar i salen då landsmøtet opna fredag.

Helsingar til landsmøtet:

Studieforbundet kultur og tradisjon ved Kjærsti Gangsø
Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar ved Åshild Marie Vige
Norsk Teaterråd ved Guro Redalen
FolkOrg ved Jan Heier
Rådet for folkemusikk og folkedans ved Johan Einar Bjerkem
Nordlek ved Torunn Hernes Bjerkem

Landsmøtetalar

Marit Nybakk, 1.visepresident til Stortinget

Opning

Styreleiar Endre Kleiveland opna landsmøtet. Han heldt minneord over Asbjørn Thomassen, som vart utnemnd som heidersmedlem i 2013, og som døydde få dagar etterpå. Landsmøtet heldt eitt minutts stille til minne om Asbjørn.

Sak 1 Konstituering

Sak 1.1 Godkjenning av innkalling

Leiar Endre Kleiveland presenterte styret si innstilling.

Vedtak: Innkallinga vart godkjent.

Sak 1.2 Godkjenning av sakliste

Leiar Endre Kleiveland presenterte styret si innstilling.

Vedtak: Styret sitt forslag til sakliste vart godkjent.

Sak 1.3 Godkjenning av fullmakter

Generalsekretær Eli Ulvestad føretok namneopprop. Organisasjonskonsulent Alf Steinar Nekstad la fram innstilling til godkjenning av fullmakter.

Vedtak: Alle fullmakter for utsendingar, 90 i talet, vart godkjende.

Sak 1.4 Godkjenning av tidsplan og forretningsorden

Leiar Endre Kleiveland presenterte styret si innstilling.

Vedtak: Styret sitt forslag til tidsplan og forretningsorden for møtet vart vedteke.

Sak 1.5. Val av ordstyrar

Leiar Endre Kleiveland presenterte styret si innstilling.

Vedtak: Marit Nerås Krogsæter og Johan Einar Bjerkem blei valde som ordstyrarar.

Sak 1.6 Val av redaksjonsnemnder

Ordstyrarane presenterte styret si innstilling.

Vedtak: *Følgjande personar blei valt til redaksjonsnemnd for langtidsplan og arbeidsprogram:*
Håvard Ims (BUL Steinkjer) – leiar i nemnda
Hanna Kvalheim Hekkelstrand (Hordaland Ungdomslag)
Terje Svindseth (BUL Oslo)

Følgjande personar blei valt til redaksjonsnemnd for fråsegnene:
Torbjørn Bergwitz Lauen (Bergen Ungdomslag Ervingen) – leiar i nemnda
Tone Ingvaldsen (Nordland Ungdomsfylking)
Siri Strige (BUL Bodø)

Sak 1.7. Val av teljekorps

Ordstyrarane presenterte saka.

Vedtak: Teljekorps blir utpeika av ordstyrarane etter behov.

Sak 1.8. Val av protokollunderskrivarar

Ordstyrarane presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

#79 Olav Kårevik, BUL Oslo.

#58 Terje Michelsen, Norskdomslaget i Porsgrunn.

Forslag frå styret:

Lisa Grav Henriksen blir valt som protokollunderskrivar i staden for Olav Kårevik.

Vedtak: Lisa Grav Henriksen og Sigrid Live Horn blei valt til å skrive under protokollen.

Sak 2 Årsmelding 2013

Leiar for barne- og ungdomsrådet, Rita Strandbakke innleidde om barne- og ungdomsarbeidet.

Leiar for folkedansrådet, Stine Machiedo innleidde om folkedansarbeidet.

Leiar for teaterrådet, Marie Nicolaisen innleidde om teaterarbeidet.

Leiar i bunadsrådet, Ingrid Tuko innleidde om bunadsarbeidet.

Desse tok ordet til saka:

#11 Anette Figenschou, Bodo folkedanslag

#55 Knut Olsen, Telemark Ungdomslag

#15 Torunn Hernes Bjerkem, Inntrøndelag Ungdomssamlag.

Vedtak: Landsmøtet godkjente årsmeldinga for 2013 med følgjande merknader.
Marie Nicolaisen representerte NU på årsmøte i Telemark Ungdomslag, 16. mars.
Gjermund Larsen var mottakar av Ole Vig-prisen 2013.

Sak 3 Rekneskap 2013

Generalsekretær Eli Ulvestad presenterte rekneskapen.

Desse tok ordet til saka:

#71 Anne Marie S. Meier, BUL Sarpsborg

#91 generalsekretær Eli Ulvestad

Vedtak: Landsmøtet godkjende rekneskapen for 2013, som viser eit underskot på 148.808.
Resultatet blir lagt til eigenkapitalen.

Sak 4 Langtidsplan 2014-2018

Styreleiar Endre Kleiveland innleidde til saka.

Desse tok ordet til debatten:

#8 Tone Ingvaldsen, Nordland Ungdomsfylking

#15 Torunn Hernes Bjerkem, Inntrøndelag Ungdomssamlag

#67 Nils Slapgård, Fylkeslaget Varden

#39 Anne Marie Nerby, Bondeungdomslaget i Stavanger

#76 Terje Svindseth, Bondeungdomslaget i Oslo

#22 Cecilie Rørstad, Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag

#11 Anette Figenschou, Bodø folkedanslag

#58 Terje Michelsen, Norskdomslaget i Porsgrunn

#80 Siv Utsigt, Tunsberg leikarring

#81 Brit Lønnmo, Tunsberg leikarring

#36 Torbjørn Bergwitz Lauen, Bergen UL Ervingen

#7 Ulrikke Bredal, Nordland Ungdomsfylking

#75 Anne Lise Berggren, Bygdelagssamskipnaden

#6 Evelyn Laupstad, BUL Harstad

#70 Tone Eidsvold, Eidsiva fylkeslag

#77 Lisa Grav Henriksen, Bondeungdomslaget i Oslo

#29 Andreas Aspevoll, Undredal Ungdomslag

#82 Endre Kleiveland, styret

#63 Oddmund Hollås, Sannidal Ungdomslag

#87 Rita Strandbakke, styret

#76 Terje Svindseth, Bondeungdomslaget i Oslo

#65 Øystein Gjeffe, Nordsinni Ungdomslag

Under debatten vart følgjande forslag innlevert til redaksjonsnemnda:

1. Endringsforslag til hovudmålet, frå Anne-Lise Berggren, Bygdelagssamskipnaden Sikre Noregs Ungdomslag sin posisjon som ein organisasjon for kultur og levande lokalmiljø.
2. Endringsforslag, strategi nr 2, frå Torunn Hernes Bjerkem, Inntrøndelag Ungdomssamlag Styrke nettverket mellom ungdomslaga på lokalt, regionalt, nasjonalt og nordisk nivå.

3. Endringsforslag, strategi nr 5, frå Tone Ingvaldsen, Nordland Ungdomsfylking
Sikre ungdomslaga som formidlarar av ikkje-materiell kulturarv.
4. Endringsforslag, strategi nr 5, frå Terje Svindseth, BUL Oslo
Sikre ungdomslaga som formidlarar av kulturarven.
5. Tilleggsforslag, ny strategi nr 6, frå Andreas Aspevold, Undredal Ungdomslag
Styrke nettverket mellom ungdomslaga og andre lag i lokalmiljøet.

Innstilling frå redaksjonsnemnda

Håvard Ims presenterte redaksjonsnemnda sitt forslag.

Forslag 1: Blir avvist

Forslag 2: Blir vedteke

Forslag 3: Blir avvist

Forslag 4: Blir avvist

Forslag 5: Blir avvist. Ikkje følgt opp med planar i arbeidsprogrammet

Desse tok ordet etter redaksjonsnemnda si innstilling:

#13 Grete Haugen, UL Ørnen

#82 Endre Kleiveland, styret

Røysting

Landsmøtet gjekk til røysting i saka. Redaksjonsnemnda si innstilling blei lag til grunn:

Forslag 1: Blei avvist mot 3 røyster

Forslag 2: Blei samrøystes vedteke.

Forslag 3: Blei avvist mot 5 røyster

Forslag 4: Blei avvist.

Forslag 5: Blei avvist.

Vedtak: Landsmøtet vedtok samrøystes forslaget til langtidsplan for perioden 2014-2018, med endring i strategi nr 2.

Sak 5 Sentrale tilskipingar 2014-2018

Styremedlem Marie Nicolaisen innleidde til saka.

Desse tok ordet til saka:

#11 Anette Figenschou, Bodo folkedanslag

#67 Nils Slapgård, Fylkeslaget Varden

#7 Ulrikke Bredal, Nordland Ungdomsfylking

#15 Torunn Hernes Bjerkem, Inntrøndelag Ungdomssamlag

#11 Anette Figenschou, Bodo folkedanslag

#36 Torbjørn Bergwitz Lauen, Bergen UL Ervingen

#75 Anne Lise Berggren, Bygdelagsamskipnaden

#18 Håvard Ims, BUL Steinkjer

#83 Morten Nilsen, styret

#89 Stine Skoglund Machiedo, styret

#8 Tone Ingvaldsen, Nordland Ungdomsfylking

Under debatten vart følgjande forslag innlevert til redaksjonsnemnda:

1. Endringsforslag, punkt 2.1, frå Anette Figenschou, Bodø folkedanslag
Folkedansfestivalen skal vere den beste dansearenaen for den sosiale folkedansen. Du skal få kurstilbod og god dansemusikk som speglar den aktiviteten som vert driven i lokallaga, med vekt på norske folkelege dansetradisjonar.
2. Forslag frå Nils Slapgård, Fylkeslaget Varden
Ein tilrår at fagseminara blir lagt om til kvalitetsseminar med vekt på både norske, folkelege kulturtradisjonar, og ulike moderne danseformer.
3. Endringsforslag, punkt 3.1, frå Torbjørn Lauen, Bergen Ungdomslag Ervingen
*Punkt 3.1. om instruktørutdanning blir flytta, slik at det får nr 2.4 under nasjonale tilskipingar.
Punkt 3.2 og 3.3. vert dermed nytt punkt 3.1. og 3.2.*
4. Endringsforslag, frå Torbjørn Lauen, Bergen Ungdomslag Ervingen
*"Alle tilskipingar blir arrangert kvart år, med unnatak av amatørteaterfestivalen, som blir arrangert kvart andre år."
blir endra til:
"Amatørteaterfestivalen blir arrangert kvart andre år. Folkedansfestivalen blir arrangert kvart år med unnatak av dei åra det blir arrangert Nordlek. Dei andre tilskipingane blir arrangert kvart år. "*
5. Tilleggsforslag, frå Torunn Hernes Bjerkem, Inntrøndelag Ungdomssamlag
*Nytt punkt 4: "Nordiske tilskipingar"
Nytt punkt 4.1.: "Noregs Ungdomslag skal delta på og vere med på å forme dei nordiske tilskipingane". På denne måten skal vi vere med på å sikre den tradisjonelle folkekulturen sin plass i det nordiske kultursamarbeidet og styrke nettverket og samarbeidet mellom ungdomslaga i heile Norden."*

Håvard Ims presenterte redaksjonsnemnda sitt forslag.

Forslag 1: Blir avvist. Blir vurdert som ivareteke.

Forslag 2: Blir avvist, men inngår i konkretisering av arbeidsprogrammet punkt 5.

Forslag 3: Blir avvist

Forslag 4: Landsmøtet tek stilling til saka.

Forslag 5: Blir avvist

Desse tok ordet etter redaksjonsnemnda si innstilling:

15 Torunn Hernes Bjerkem ville oppretthalde ei revidert versjon av forslag 5:

Punkt 4: "Nordiske tilskipingar"

Punkt 4.1.: "Noregs Ungdomslag skal delta på og vere med på å forme dei nordiske tilskipingane".

Røysting

Landsmøtet gjekk til røysting i saka. Redaksjonsnemnda si innstilling blei lag til grunn:

Forslag 1: Blei avvist mot 2 fråhaldande

Forslag 2: Blei avvist mot 10 røyster.

Forslag 3: Blei avvist mot 5 røyster

Forslag 4: Vedteke med 66 røyster, mot 17 røyster for styret sitt forslag. 2 røysta fråhaldande.

Forslag 5: Det reviderte forslaget blei vedteke med 54 røyster. 31 røysta for redaksjonsnemnda si innstilling om å avvise forslaget. 2 røysta fråhaldande

Vedtak: Landsmøtet vedtek at Noregs Ungdomslag i perioden 2014-2018 skal bruke ressursar på følgjande sentrale tilskipingar:

1. Demokratiarenaer

1.1. *Landsmøtet* skal vere laga sin møtestad for framtidretta faglege og politiske drøftingar.

1.2. *Landsrådet* skal sikre ein god dialog mellom styret og fylkeslagsleiarane i høve til dei faglege og organisatoriske utfordringane.

2. Nasjonale tilskippingar

2.1. *Folke­dans­festi­valen* skal vere staden der du får det breiaste og mest varierte dansetilbodet, med vekt på norske folkelege dansetradisjonar.

2.2. *Amatørteaterfesti­valen* skal synleggjere NU som ein av dei leiande amatørteater­organisasjonane og vere eit spennande miljø for interaksjon mellom amatørar og profesjonelle.

2.3. *Sommarleiren* skal vere den mest ettertrakta tilskippinga for ungdom i NU.

Desentraliserte tilskippingar

3.1. *Instruktør­opplæringa* skal gje laga gode instruktørar innanfor dans og teater.

3.2. *Gjesteinstruktørordninga* skal auke engasjement og fagkunnskapen lokalt.

3.3. *Kven Veit?* er ei kunnskapstevling for å auke interessa og kunnskapen om aktuelle tema.

Nordiske tilskippingar

4.1 Noregs Ungdomslag skal delta på og vere med på å forme dei nordiske tilskippingane.

Amatørteaterfesti­valen blir arrangert kvart andre år. Folke­dans­festi­valen blir arrangert kvart år med unnatak av dei åra det blir arrangert Nordlek. Dei andre tilskippingane blir arrangert kvart år.

Sak 6 Arbeidsplan 2014-2016

Politisk nestleiar Kine Reiersen presenterte saka

Desse tok ordet til saka:

#71 Anne-Mari S Meyer, BUL Sarpsborg

#11 Anette Figenschou, Bodø folke­dans­lag

#15 Torunn Hernes Bjerkem, Inntrøndelag Ungdomssamlag

#91 generalsekretær Eli Ulvestad

#12 Andrea Steen Hernes, Bodø folke­dans­lag

#82 Endre Kleiveland, styret

Under debatten vart følgjande forslag innlevert til redaksjonsnemnda:

1. Endrings­for­slag, strategi 2, frå Torunn Hernes Bjerkem, Inntrøndelag Ungdomssamlag
Punkt 3 blir endra til: "*Sommarleiren, folke­dans­festi­valen, amatørteaterfesti­valen og Nordlek skal vere naturlege arenaer for fleire lokallag.*"

2. Tilleggs­for­slag, strategi 3, frå Anette Figenschou, Bodø folke­dans­lag
Nytt punkt: "*Sikre at det finst gode vidareutdanningar for instruktørar.*"

3. Tilleggs­for­slag, strategi 3, frå Anette Figenschou, Bodø folke­dans­lag
Nytt punkt: "*Løfte fram fleire instruktørar med god kvalitet, og ikkje dyrke fram "gurarar."*"

Innstilling frå redaksjonsnemnda

Håvard Ims presenterte redaksjonsnemnda sitt forslag.

Forslag 1: Blir vedteke

Forslag 2: Forslag til ny formulering: "NU skal ha eit godt grunn- og vidareutdanningstilbod for instruktørar"

Forslag 3: Blir avvist. Blir vurdert som ivareteke.

Røysting

Landsmøtet gjekk til røysting i saka. Redaksjonsnemnda si innstilling blei lag til grunn:

Forslag 1: Blei samrøystes vedteke.

Forslag 2: Redaksjonsnemnda sitt forslag blei satt opp mot Figenschou sitt forslag. Redaksjonsnemnda sitt forslag fall med 37 røyster, mot 49 som røysta for Figenschou sitt forslag. 1 røysta fråhaldande.

Forslag 3: Blei avvist.

Vedtak: Landsmøtet vedtek forslaget til arbeidsplan for perioden 2014-2016, med endringar i strategi 1 og 2.

Sak 7 Budsjet 2015-2016

Generalsekretær Eli Ulvestad la fram saka

Desse tok ordet til saka:

#71 Anne-Mari S. Meyer, BUL Sarpsborg

#91 Generalsekretær Eli Ulvestad

#39 Anne Marie Nerby, BUL Stavanger

Vedtak: Landsmøtet vedtok samrøystes forslaget til budsjett for perioden 2015-2016.

Sak 8 Endringar i lova til Noregs Ungdomslag

.Styreleiar Endre Kleiveland og styremedlem Marie Nicolaisen innleidde til saka.

Desse tok ordet i saka:

#36 Torbjørn Bergwitz Lauen, Bergen UL Ervingen

#71 Anne Marie Meier, BUL Sarpsborg

#29 Andreas Aspevoll, Undredal Ungdomslag

#30 Brit M. Heggelid, Hordaland Ungdomslag

#11 Anette Figenschou, Bodø folkedanslag

#75 Anne Lise Berggren, Bygdelagssamskipnaden

#82 Endre Kleiveland, styret

#15 Torunn Hernes Bjerkem, Inntrøndelag Ungdomssamlag

Røysting:

Ved namneopprop var 90 utsendingar med røysterett til stade. Ordstyrar opplyste at det må 61 røyster til for å vedta lovendringar med 2/3 fleirtal.

Endring i §4.2 (nedlegging av fagråda):

- Samrøystes vedteke, med 90 røyster for forslaget.

Endring i §5.4-5.6: (styresamansetjing):

- Samrøystes vedteke, med 90 røyster for forslaget.

Endring i §7: (fjerning av paragraf omhandlande fagråda):

- Samrøystes vedteke, med 90 røyster for forslaget.

Vedtak: Landsmøtet vedtok dei foreslåtte endringane i §§ 4-7

Sak 9 Endringar i styringsføresegnene

Styremedlem Stine Machiedo presenterte saka

Desse tok ordet i saka:

#36 Torbjørn Bergwitz Lauen, Bergen UL Ervingen

Røysting:

Endring i §1 (styret): Vedteke med 89 mot 1 fråhaldande røyst.

Endring i §2 (administrasjon): Samrøystes vedteke, med 90 røyster.

Endring i §3 (valnemd): Vedteke med 89 mot 1 fråhaldande røyst.

Endring i §7(Lagsbruk): Samrøystes vedteke, med 90 røyster.

Vedtak: Landsmøtet vedtok dei foreslåtte endringane i styringsføresegnene.

Sak 10 Mønsterlover for huslag

Organisatorisk nestleiar Morten Nilsen presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

#71 Anne-Mari S Meier, BUL Sarpsborg

#91 generalsekretær Eli Ulvestad

#55 Knut Olsen, Telemark Ungdomslag

#75 Anne Lise Berggren, Bygdelagssamskipnaden

#82 Endre Kleiveland, styret

Under debatten vart følgjande forslag innlevert til redaksjonsnemnda:

1. Endringsforslag frå Knut Olsen, Telemark Ungdomslag
Språkleg vask ved at ”ungdomslaget” og ”grendelaget” gjennomgåande blir endra til ”laget”
2. Endringsforslag, §6.2, frå Anne-Mari S. Meier, BUL Sarpsborg
”Dersom grendelaget blir nedlagt, skal eiga overførast til Noregs Ungdomslag, som skal nytte denne til det til beste for innbyggjarane i lokalmiljøet.”

Innstilling frå redaksjonsnemnda

Håvard Ims presenterte redaksjonsnemnda sitt forslag.

Forslag 1: Blir vedteke, med tilleggsendring i §1.1. <namn på staden> og §6.2 <lokalmiljøet>.

Forslag 2: Blir avvist.

Røysting

Landsmøtet gjekk til røysting i saka. Redaksjonsnemnda si innstilling blei lag til grunn:

Forslag 1: Blei samrøystes vedteke.

Forslag 2: Blei samrøystes avvist.

Vedtak: Landsmøtet vedtok samrøystes forslaget til mønsterlover for huslag, med språkvask.

Sak 11 Fråsegner

Politisk nestleiar Kine Reiersen presenterte saka, og styret sitt forslag til fråsegn med tittel ”Kronerulling i bygda for å betale moms”

Desse tok ordet i saka:

#36 Torbjørn Bergwitz Lauen, Bergen UL Ervingen

#79 Olav Kårevik, BUL Oslo

#82 Endre Kleiveland, styret

#88 Marie Nicolaisen, styret

#31 Torgrim Ljones, Hordaland Ungdomslag

#15 Torunn Hernes Bjerkem, Inntrøndelag Ungdomssamlag

Forslag til nye fråsegner:

Frå #36 Torbjørn Bergwitz Lauen, Bergen UL Ervingen: *Grunnlova i moderne språkdrakt,*

Innstilling frå redaksjonsnemnda

Torbjørn Bergwitz Lauen presenterte innstillinga frå redaksjonsnemnda.

Fråsegn nr 1: Blir vedteken

Fråsegn nr 2: Blir vedteken

Røysting:

Fråsegn nr. 1: Samrøystes vedteke.

Fråsegn nr. 2: Samrøystes vedteke.

Vedtak: Landsmøtet vedtok samrøystes fråsegnene med tittel ”Kronerulling i bygda for å betale moms” og ”grunnlova i moderne språkdrakt”.

Sak 12 Val

Torbjørn Bergwitz Lauen la fram valnemnda si innstilling. Ordstyrarane la fram styret si innstilling til ny valnemnd.

Sak 12.1 Val av leiar

Endre Kleiveland	Hordaland Ungdomslag	Attval, 1 år
------------------	----------------------	--------------

Vedtak: Vald med akklamasjon.

Sak 12.2 Val av styre og arbeidsutval (AU)

Faste styremedlemmer:

Morten Nilsen	Nordland Ungdomsfylking	Attval, 1 år	Org. nestleiar/AU-medlem
Kine Langnes Reiersen	Oppland Ungdomslag	Attval, 2 år	Politisk nestleiar/AU-medlem
Rita Strandbakke	Oppland Ungdomslag	Attval, 2 år	Styremedlem
Marie Nicolaisen	Bygdelagssamskipnaden	Attval, 1 år	Styremedlem
Håvard Ims	Inntrøndelag Ungdomssamlag	Ny, 1 år	Styremedlem
Marit Nerås Krogsæter	Sunnmøre fril. Ungdomssamlag	Ny, 1 år	Styremedlem

Vedtak: Dei foreslåtte styremedlemmene blei valt med akklamasjon.

Varamedlemmer til styret:

Innstilling frå valkomiteen:

Fredric Nygård	Eidsiva Fylkeslag	Ny, 1 år	1. vara til styret
Ingeborg H. Bringslid	Hordaland Ungdomslag	Ny, 1 år	2. vara til styret
Arve Hornnes	Sogn og Fjordane UL	Attval, 1år	3. vara til styret

Val av 1. varamedlem:

Benkeforslag frå #70 Tone Eidsvold, Eidsiva fylkeslag

Ingeborg Bringslid blir valt som 1. vara, i staden for Fredric Nygård.

Desse tok ordet i saka:

#70 Tone Eidsvold, Eidsiva fylkeslag

#36 Torbjørn Bergwitz Lauen, Bergen UL Ervingen

#25 Anders Gjerland, Sogn og Fjordane Ungdomslag

#71 Anne-Mari S. Meier, BUL Sarpsborg

#11 Anette Figenschou, Bodø folkedanslag

#6 Evelyn Laupstad, BUL Harstad

Røysting:

Landsmotet gjekk til skriftleg avrøysting mellom dei to foreslåtte kandidatane:

Stemmer for Nygård: 29

Stemmer for Bringslid:49

Blanke stemmer: 6

Totalt: 84

Vedtak: Ingeborg Bringslid vart valt som 1.varamedlem til styret.

Val av 2. varamedlem:

Benkeforslag frå #11 Anette Figenschou, Bodø folkedanslag

Arve Hornnes og Fredric Nygård blir satt opp mot kvarande som 2. varamedlem til styret.

Desse tok ordet i saka:

#11 Anette Figenschou, Bodø folkedanslag

#29 Andreas Aspevoll, Undredal Ungdomslag

#36 Torbjørn Bergwitz Lauen, Bergen UL Ervingen

Røysting:

Landsmotet gjekk til skriftleg avrøysting mellom dei to foreslåtte kandidatane:

Stemmer for Nygård: 41

Stemmer for Hornnes:39

Blanke stemmer: 4

Totalt: 84

Vedtak: Fredric Nygård vart valt som 2 .varamedlem til styret.

Val av 3. varamedlem:

Vedtak: Arve Hornnes vart valt som 3 .varamedlem til styret ved akklamasjon.

Sak 12.3.12.6 Val av fagråd

Sakene utgjekk, etter at fagråda blei lagt ned tidlegare i møtet.

Sak 12.7 Val av revisor

Vedtak: Vardens revisjonskontor AS blei vald med akklamasjon.

Sak 12.8 Val av valnemnd

Kristian Fjellanger	Oppland Ungdomslag	Ny, 1 år	Leiar
Terje Svindseth	Bygdelagssamskipnaden	Ikkje på val	Medlem
Lise K. Meling	Rogaland Ungdomslag	Ikkje på val	Medlem
Evelyn Laupstad	Troms Ungdomsfylking	Attval, 2 år	Medlem
Eirin S. Samuelson	Vest-Agder Ungdomslag	Ny, 2 år	Medlem
Geir Kåre Sandnes	Romsdal Ungdomssamlag	Ny, 1 år	Medlem
Øystein Rambjørg	Hordaland Ungdomslag	Attval, 1 år	2. vara
Trine M. Sjølyst	Bygdelagssamskipnaden	Attval, 1 år	3. vara

Desse tok ordet i saka:

#6 Evelyn Laupstad, BUL Harstad.

#11 Anette Figenschou, Bodø folkedanslag

Vedtak: Valnemnda blei med akklamasjon.

Avslutning

Johan Einar Bjerkem takka landsmøtet for oppgåva som ordstyrar og for vel gjennomført landsmøte.

Styreleiar Endre Kleiveland takka ordstyrarar, avtroppande tillitsvalde, takka for oppmøtet på landsmøtet, og heva møtet.

Han oppmoda alle på landsmøtet til å ta kontakt med lokal presse og sende pressemeldinga om momskompensasjon til dei.

Protokollunderskrifter

Oslo, ____ mai 2014

Lisa Grav Henriksen

Oslo, ____ mai 2014

Sigrid Live Horn

Vedlegg:

Deltakarliste

Fråsegner